

## Søknad

|                      |   |
|----------------------|---|
| <b>Støtteordning</b> | Bolyst 2012   |
| <b>Tittel</b>        | ROM for alle! Styrking av Bø som regionsenter og studiestad |
| <b>Søknadsår</b>     | 2012  |

### Kort beskrivelse

Bø kommune har som mål å auke tilflyttinga i Midt-Telemarkregionen og styrke Bø som regionsenter og studiestad. "ROM for alle!" skal stimulere til auka interaksjon mellom lokalbefolkninga, studentar og unge innflyttarar. I hovudprosjektet "ROM for alle!" skal vi innføre grøn frikjøpsordning for gårdeigarar som vil bygge boligar i sentrum, etablere interaktive bakgårdsrom i sentrum, initiere litteraturfestivalen "Bøker i Bø" og gjennomføre aktivitetar kopla til prosjektet "Bø i bevegelse".

### Prosjektbeskrivelse

Regionsenter og studiestad

Det interkommunale samarbeidet ligg fast som eit berande prinsipp for å utvikle berekraftige, attraktive og frodige tettstader i Midt-Telemark. Prosjektet "ROM for alle!" er forankra i strategisk Næringsplan for Midt-Telemark. I forprosjektet "Attraktive Midt-Telemark", blei det i 2009 gjennomført ein forstudie på attraktivitet og stadutvikling i dei tre kommunane Bø, Sauherad og Nome. Attraktivitetspyramiden (Knut Vareide) har vore sentral når strategiane for Midt-Telemark har blitt lagt. I Midt-Telemark ønskjer vi å styrke regionens tettstader gjennom satsing på eit felles prinsipp om "grøn fortetting" på ein måte som ivaretar miljø og bukvalitetar. Fortettingsprinsippet bidrar til å sikre grunnlaget for næringsutvikling, fellesskap, inkluderande aktivitetar, jordvern og kollektive kommunikasjonsløyningar.

Dei tre tettstadene har ulike særpreg og funksjonar i forhold til kvarandre, og Bø har dei siste tiåra utvikla seg som eit senter i regionen. Ei styrking av regionsenteret, ved å tilrettelegge for fleire arenaer for samspel og interaksjon mellom bebuarane i heile Midt-Telemark, er viktig for regionens samla attraktivitet. Ei strategisk utvikling av regionsenteret Bø vil såleis føre til positive ringverknader og vekst i folketalet i regionen. "ROM for alle!" vil slik gå føre som eit eksempel til etterfølging for andre regionsenter i distriktsregionar.

Som attraktiv studiestad med mange både kreative og innovative studietilbod, har Bø tiltrekt seg studentar og unge vaksne gjennom fleire tiår. 2500 studentar er i dag knytta til Høgskolen i Telemark, fakultetet i Bø. Utfordringa er å styrke Bø og Midt-Telemark som studiestad, men også å sørgje for at fleire studentar vel å busette seg i regionen etter avslutta utdanning. Ved å satse på fleire arenaer og aktivitetar ønskjer vi med "ROM for alle!" å legge til rette for at studentar møter lokalbefolkninga, knyt nettverk og dermed får ei sterkare lokal forankring. Styrking av ein studiestad i ein distriktkommune vil og ha overføringsverdi til andre studiestadar med liknande utfordringar.

Midt-Telemark er ein multikulturell region, både gjennom miljøet på Høgskulen og ein auka andel innvandrarakar. Vi ønskjer å framstå som ein raus og inkluderande stad for alle, uavhengig av kultur, religion og nasjonalitet. Inkludering er eit viktig stikkord. Ved å etablere fleire møteplassar og rom med låg terskel, ønskjer "ROM for alle!-prosjektet" å legge til rette for større inkludering av alle tilflyttarar til regionen.

## Strategiar for å nå overordna mål

"ROM for alle!" vil sette i gang ei rekke konkrete tiltak for å styrke Bø som regionsenter og studiestad. Etablering av grønne rom og opne plassar for aktivitet og opplevingar, vil binde dei ulike delane av Bø sentrum tettare saman, opne opp og bidra til eit meir frodig, levande og inkluderande regionsenter. For å nå måla jobber vi med å legge fysisk til rette for utvikling av gode rom og lågterskel møteplassar i Bø sentrum. (Forprosjekt 2011-12) I hovudprosjektet (2012-2014) vil vi initiere inkluderande prosessar og aktivitetar som fyller romma med liv og bidrar til verdiauke i heile regionen.

Tiltak i hovudprosjektet "ROM for alle!" :

### Frikjøp og grøn fortetting

For å skape fleire attraktive og inkluderande møteplassar i Bø sentrum, er det naudsynt med fysisk tilrettelegging. Reguleringsplanen for Bø sentrum legg opp til grøn fortetting ved at private utbyggarar som satsar på boligar, kan kjøpe seg fri frå 80 % av kravet til uteoppfallsareal ved å bidra økonomisk til opparbeiding av større offentlege friområde. Dette for å få store, gode, offentlege grøntrom, framfor små, lite attraktive grøntområde i kvart utbyggingsprosjekt. I hovudprosjektet skal det gjennomførast minst to frikjøpsprosjekt. Frikjøpsordninga er ein innovativ modell for å sikre grønne areal - som vi meiner vil ha stor overføringsverdi til andre stadar. I prosjektet er frikjøpsordninga direkte knytt til etablering og drift av Evjudalen som er eit stort ravineforma grøntområde midt i Bø sentrum, plassert midt mellom Bøgata og torget, høgskolen, hotellet, kulturhuset og stasjonen; eit viktig samanbindings- og rekreasjonsområde med stort potensiale. Viktige grønne grep i detaljplanen er parkanlegg med fangdammar, gang/sykkelveg, turstignett, bruer og brygge, bålplassar i eventyrskogen, utescene, kunstprosjekt og leikeområde. På sikt vil desse fysiske tiltaka kopla til prosjektet "Bø i bevegelse", ikkje berre skape attraksjonskraft for regionens innbyggarar, men også for nye tilflyttarar, besøkjande og studentar.

### Interaktive bakgårdsrom

Vi vil gjennomføre etablering av spennande interaktive bakgårdsrom og mellomrom i dei delane av sentrum som ligg litt lenger unna Evjudalen. Som følgje av frikjøpsmodellen, vil det ikkje bli etablert andre større grønne fellesareal i sentrum, men det utviklast ein ny kvartalsstruktur og det er behov for å etablere attraktive og inkluderande møteplassar med andre kvalitetar og opplevingspotensial i desse områda. Vi har latt oss inspirere av Mosaikkprosjektet i Skien, og vil samarbeide med aktuelle utbyggarar om eit konkret prosjekt med etablering av ein litteraturkafé under glastak som samanbinding av to bygårdar (mellom bokhandelen Akademika og Baker'n) like ved nye Bø torg.

### Bøker i Bø

Bø har godt omdøme som "Staden der forfattarar skapast" (jf Forfattarstudiet, etablert i 1982 ved HiT Bø). "Bøker i Bø" vil ta utgangspunkt i dette og vil vere ei satsing på ung og aktuell litteratur i eit samarbeid mellom Høgskolen i Telemark, Telemark fylkeskommune og Bø kommune. Bø kommune blei i 2011 tatt opp i ICORN, det internasjonale friby-nettverket for forfølgde forfattarar, og "Bøker i

Bø" vil vere ledd i det å ta i mot og busette ein forfølgd forfattar som asylsøklar gjennom denne ordninga. Ved å benytte seg av både nye og etablerte møteplassar i sentrum, vil festivalen også bidra til å bygge bru mellom lokalbefolkninga og studentar/tilsette ved Høgskolen. På sikt er målet for "Bøker i Bø" å bli ein god og integrerande arena med internasjonal profil.

#### Bø torg

Arbeidet med å opparbeide torget og parken framfor kommunehuset blei gjennomført i 2011 som eit spleiselag med næringslivet i regionen. Torget skal være eit bilfritt, heilårs handelstorg med parkmessige kvalitetar. I "Rom for alle!-prosjektet" er arbeidet i gang med å skape ny aktivitet på denne flotte arenaen. Torget skal være ein attraktiv lågterskel møteplass som også skal fungere som ein port inn mot Evjudalen friluftspark og arena for faste årlege arrangement (til dømes internasjonalt marknad og brukt-bok marknad).

#### Inkluderande prosessar og aktivitetar

"ROM for alle"-prosjektet" har som mål å skape inkluderande prosessar og aktivitetar kring den vidare utviklinga av Bø sentrum. Aktivitetar og tiltak i prosjektet skal i stor grad gjennomførast som dugnad, spleiselag og frikjøp i samhandling med lokale, regionale og nasjonale aktørar. Ved å prøve ut ulike former for spleiselag og frikjøp, vil vi opparbeide oss verdifull kunnskap og nye erfaringar med overføringsverdi.

Sjå posten for "aktivitet og målgruppe" i eit anna underpunkt i skjemaet for detaljert oversikt over planlagde aktivitetar

## Kontaktopplysninger

|                           |                 |           |                    |          |
|---------------------------|-----------------|-----------|--------------------|----------|
| <b>Søker/prosjekteier</b> | Bø kommune      | Bøgata 67 | 3800 BØ I TELEMARK | 95704048 |
| <b>Kontaktperson</b>      | Anne Gry Sturød | Pb. 83    | 3833 BØ I TELEMARK | 95888581 |
| <b>Prosjektleder</b>      | Anne Gry Sturød | Pb. 83    | 3833 BØ I TELEMARK | 95888581 |

#### Mottatt offentlig støtte tidligere: Ja

Forprosjekt 2011 - planlegging av hovudprosjektet, prosjektering av fysiske tiltak og bygging av Bø torg:

Telemark fylkeskommune 500000

Bø kommune investering 3800000

Næringsfond og kommunalt driftstilskot 650000

Næringslivet 800000 (til bygging av Bø torg)

Gjennomføringskraft og gjennomføringsvilje

Bø kommune v/kommunestyret har finansiert forprosjektet (2011) saman med Telemark fylkeskommune og privat næringsliv, og har i tillegg til ei løyving på 3,8 mill til Bø torg i 2011, vedtatt å sette av ca 7 mill til investering i fysiske tiltak og prosjektering i hovudprosjektet, og kommunestyret har også tatt høgde for å forskottere eksterne tilskott.

## **Spesifikasjon**

### **Bakgrunn**

Omfattande strukturendringar og aukande sentralisering kan komme til å truge heile Midt Telemarkregionens attraksjonskraft.

Utvikling av jernbanen med etablering av nye trasear knytt til Sørlandsbanen spesielt, vil kunne bli ei utfordring for Bø som attraktivt studiestad, trafikknutepunkt og populær besøksdestinasjon.

Varsla endringar av høgskulesystemet og planar for omlegging til universitet, kan føre til sentralisering og dermed nye utfordringar for handels- og servicenæringar, arbeidsmarknad og næringsutvikling i heile regionen.

I følgje Knut Vareide, Telemarkforskning (2010), har Bø dei siste tre åra vore den mest attraktive bustadkommunen i Telemark, og har også hatt litt betre arbeidsplassvekst enn middels. Bø er ein utprega besøkskommune med høg konsentrasjon av kafear og eit godt kultur-, underholdnings- og handelstilbod. Bø blei kåra til Noregs kulturkommune i 2005, har eit godt omdømme og er motor og regionsenter i Midt-Telemark.

Men dette er ein situasjon som i stor grad følgjer konjunkturar og som ikkje vil vedvare utan nye strategiske grep for å utvikle regionens attraksjonskraft. Her er det behov for fleire bein å stå på!

### **Prosjekt mål**

Det overodna målet for "ROM for alle!-prosjektet" er å auke tilflyttinga til Midt-Telemarkregionen og styrke Bø som regionsenter og studiestad.

Resultatmål:

Opparbeide Evjudalen, Bø torg og minst eitt bakgårdsrom

Ha etablert litteraturfestival i Bø

Etablert faste torgarrangement

Etablert faste aktivitetar i Evjudalen (kopla til prosjektet "Bø i bevegelse")

Effekt mål

Auke tal studentar ved studiestad Bø med 150 innan 2020 (Tal studentar i 2011 er 2400, av desse er om lag 1800 busett i Bø)

Auke samla folketal i Midt-Telemark med 150 innan 2020

Auke tal besøkande i Midt-Telemark med 10 % innan 2020

Auke tal arbeidsplassar i Bø med 10 % innan 2020

Effektmåla vil vere mogleg å måle gjennom folketelling, statistikk og anna talmaterial. Resultatmåla vil og vere enkle å måle fordi det er konkrete, handfaste mål det her er snakk om.

Måla for prosjektet samsvarer med måla for støtteordninga Bulyst ved å auke tilflyttinga i regionen - og gjere Bø kommune, som disktriktkommune og regionsenter, til ein meir attraktiv plass å bu.

### **Forankring**

Prosjektet "Rom for alle!" er forankra hos Høgskolen i Telemark og i lokalt kultur- og næringsliv i Midt-Telemark. Desse aktørane er m.a. involverte gjennom planlegging av aktivitetar og blir forplikta gjennom intensjonsavtalar.

Prosjektet er utvikla i tråd med "Bærekraftige Telemark", ein strategi for samfunnsutviklinga i fylket. Dei fylkeskommunale planane for nyskaping og næringsutvikling, og for reiseliv og opplevelser, har også vore førande for prosjektets profil og innretning. I plan for senterstruktur i Telemark, har Bø status som regionsenter i Midt-Telemark.

Utvikling av attraktive stader er eit viktig fokusområde i den interkommunale strategiske næringsplanen for Midt-Telemark (2010-13). Dette er også prioritert i kommuneplanens areal- og samfunnsdel (Bø kommune, 2009). Kommunestyret i Bø har vedtatt aktuelle reguleringsplanar for Bø sentrum i 2007, Bø torg i 2008 og Evjudalen i 2011. Aktuelle kommunedelplanar for kunst/kultur og integrering, som er under arbeid i Bø kommune i 2011, har kome med viktige innspell til "ROM for alle!-prosjektet".

### **Prosjektorganisering**

Prosjektansvarleg: Rådmann Åse Egeland

Styringsgruppe: Rådmann Åse Egeland, ordførar Olav Kasland, leiar av hovudutval for kultur, idrett og miljø Augon Eika, styreleiar Sentrumsringen i Bø Glenn Isaksen, dagleg leiar i Gullbring kulturanlegg AS Hans Kristian Lahus og leiar Team kultur Telemark fylkeskommune Geir Berge Nordtveit.

Prosjektleiar: Anne Gry Sturød

Prosjektmedarbeidarar: Kultursjef (Hilde Pedersen), arealplanleggar (Kristin Karlbom Dahle) og Telemark fylkeskommune (Lene Hennem)

### **Samarbeidspartnere**

Høgskolen i Telemark, fakultetet i Bø (delprosjekt "Bøker i Bø" og "Bø i bevegelse"). Prosjektet "Bø i bevegelse" er under etablering og initiert av Høgskolen i Telemark, Bø - instiltutt for idrett og friluftsliv. Prosjektet vil vere eit forskningsbasert samarbeid mellom Høgskolen og ulike aktørar.

Sentrumsringen i Bø (delprosjekt "Bø torg" og "Bakgårdsrom", deltar i SG og finansielt)

Reisemål Bø AS (marknadsføringstiltak)

Midt-Telemark Næringsutvikling AS (prosjektsamarbeid i M-T, finansielt bidrag)

Telemark fylkeskommune (deltar i SG, PG og finansielt)

Midt-Telemarkrådet (forankring og M-T-samarbeid)

Lokale lag og organisasjonar (samarbeid og medvirkning)

### **Aktiviteter**

Faste arrangement på Bø torg, i Evjudalen og i utvalde bakgårdsrom:

"ROM for alle!-prosjektet" vil i prosjektperioden gjennomføre ei rekke arrangement som er tenkt som årlege arrangement. I tillegg til den allreie nemnde litteraturfestivalen, vil prosjektet planlegge med sikte på å gjennomføre ein Miljøfestival for barn og unge i Evjudalen og kople seg til aktivitetsprosjektet "Bø i bevegelse" (HiT), faste torgdagar og litterær vandring i "Det skjulte Bø".

Frikjøp og grøn fortetting:

For å skape fleire attraktive og inkluderande møteplassar i Bø sentrum, er det naudsynt med fysisk tilrettelegging. Reguleringsplanen for Bø sentrum legg opp til grøn fortetting ved at private utbyggarar som satsar på boligar, kan kjøpe seg fri frå 80 % av kravet til uteopphaldsareal ved å bidra økonomisk til opparbeiding av større offentlege friområde. Dette for å få store, gode, offentlege grøntrom, framfor små, lite attraktive grøntområde i kvart utbyggingsprosjekt. I hovudprosjektet skal det gjennomførast minst to frikjøpsprosjekt. Frikjøpsordninga er ein innovativ modell for å sikre grønne areal som vi meiner vil ha stor overføringsverdi til andre stadar.

I prosjektet er frikjøpsordninga direkte knytt til etablering og drift av Evjudalen som er eit stort ravineforma grøntområde midt i Bø sentrum; eit viktig samanbindings- og rekreasjonsområde med stort potensiale. Viktige grønne grep i detaljplanen er parkanlegg med fangdammar, gang/sykkelveg, turstignett, bruer og brygge, bålplassar i eventyrskogen, utescene, kunstprosjekt og leikeområde.

På sikt vil desse fysiske tiltaka kopla til prosjektet "Bø i bevegelse", skape attraksjonskraft for nye tilflyttarar, besøkande og studentar.

Interaktive bakgårdsrom

Vi vil gjennomføre etablering av spennande interaktive bakgårdsrom og mellomrom i dei delane av sentrum som ligg litt lenger unna Evjudalen. Som følgje av frikjøpsmodellen, vil det ikkje bli etablert andre større grønne fellesareal i sentrum, men det utviklast ein ny kvartalsstruktur og det er behov for å etablere attraktive og inkluderande møteplassar med andre kvalitetar og opplevingspotensial i desse områda.

Vi har latt oss inspirere av Mosaikkprosjektet i Skien, og vil samarbeid med aktuelle utbyggarar om eit

konkret prosjekt med etablering av ein litteraturkafé under glastak som samanbinding av to bygårdar (mellom Akademika og Baker'n) like ved nye Bø torg.

#### Bøker i Bø

Bø har godt omdømme som "Staden der forfattarar skapast". "Bøker i Bø" vil ta utgangspunkt i dette og vil vere ei satsing på ung og aktuell litteratur i eit samarbeid mellom Høgskolen i Telemark, Telemark fylkeskommune og Bø kommune. Bø kommune blei i 2011 tatt opp i ICORN, det internasjonale friby nettverket for forfølgde forfattarar, og "Bøker i Bø" vil vere ledd i det å legge til rette for å ta i mot og busette ein forfattar som asylsøkjjar gjennom denne ordninga. Ved å benytte seg av både nye og etablerte møteplassar i sentrum vil festivalen også bidra til å bygge bru mellom lokalbefolkninga og studentar/tilsette ved Høgskolen. På sikt er målet å bli ein god og integrerande arena med internasjonal profil.

#### Bø torg

Arbeidet med å opparbeide torget og parken framfor kommunehuset blei gjennomført i 2011, som eit spleiselag med næringslivet. Torget skal vere eit bilfritt, heilårs handelstorg med parkmessige kvalitetar. Torget skal vere ein attraktiv lågterskel møteplass som også skal fungere som ein port inn mot Evjudalen friluftspark og arena for faste årlege arrangement (til dømes internasjonal marknad og brukt-bok marknad).

#### Målgrupper

"ROM for alle!-prosjektet" ønskjer å rette seg mot eit breidt publikum, men med vekt på unge vaksne (18-35) både innflyttarar, studentar og bufaste i Bø kommune og Midt Telemark generelt.

"ROM for alle!-prosjektet" har og som mål å inkludere så mange som mogleg i aktivitetar og prosessar for å nå prosjektmåla. Dette inneber inkludering av lokalt næringsliv, gårdeigarar, lokale lag og organisasjonar, Høgskulen i Telemark - fakultetet i Bø, bebuarar i Bø sentrum og naboar rundt Evjudalen.

#### Resultat

Opparbeide Evjudalen og minst eitt bakgårdsrom

Ha etablert litteraturfestival i Bø - "Bøker i Bø"

Etablert faste torgarrangement med internasjonal profil

Etablert faste aktivitetar i Evjudalen - "Bø i bevegelse"

#### Effekter

Auke tal studentar ved studiestad Bø med 150 innan 2020 (Tal studentar i 2011 er 2500, av desse er om lag 1800 busett i Bø)

Auke samla folketal i Midt-Telemark med 150 innan 2020

Auke tal besøkande i Midt-Telemark med 10 % innan 2020

Auke tal arbeidsplassar i Bø med 10 % innan 2020

## Tids- og kostnadsplan

### Tidsplan

"Rom for alle!" - hovudprosjekt 2012-2014

Framdriftsplan 2012

01.01. Ferdigstille prosjektplan med budsjett for hovudprosjektet

01.01. Tilsette prosjektleiar og byggeleiar

01.01-31.12. Søkje finansiering

01.01-31.12. Prosjektering og bygging av gangveg/turstinett i Evjudalen

01.02. Ferdigstille prosjektplan "Bøker i Bø" - delprosjekt

05.03. Sende inn Bulyst-søknad

30.03. Gjennomføre møte med HiT om prosjektsamarbeid "Bø i bevegelse"

04.05-05.05 Gjennomføre litteraturfestivalen "Bøker i Bø" og Mai-marknad på Bø torg

01.06-31.12 Samarbeids- og intensjonsavtalar

01.06-31.12 Planlegge og gjennomføre inkluderande aktivitetsverkstader med samarbeidspartnarar

01.09. Møte i SG

01.09- Utarbeide rapport og oppdatere prosjektplanen med detaljar for vidareføring av hovudprosjektet i 2013-2014

15.10. SG godkjenner plan for vidare arbeid i 2013-2014

Framdriftsplan 2013-2014 vil bli utarbeidd som ein aktivitet i oppdatert prosjektplan hausten 2012.

### Budsjettplan

|                 |           |           |           |            |
|-----------------|-----------|-----------|-----------|------------|
| Bakgårdsrom     | 300 000   | 200 000   | 200 000   | 700 000    |
| Bø i bevegelse  | 300 000   | 200 000   | 200 000   | 700 000    |
| Bøker i Bø      | 300 000   | 300 000   | 300 000   | 900 000    |
| Fysiske tiltak  | 4 300 000 | 3 600 000 | 3 400 000 | 11 300 000 |
| Prosjektstyring | 500 000   | 500 000   | 500 000   | 1 500 000  |



**SUM 15 100 000****Finansieringsplan**

|  |           |           |           |           |
|--|-----------|-----------|-----------|-----------|
| Bø kommune eige arbeid                   | 100 000   | 100 000   | 100 000   | 300 000   |
| Bø kommune investering                   | 2 500 000 | 1 500 000 | 2 000 000 | 6 000 000 |
| Bø kommune næringsfond/MTNU              | 350 000   | 250 000   | 250 000   | 850 000   |
| Fylkesmannen                             | 500 000   |           |           | 500 000   |
| Kommunal- og regionaldepartementet       | 1 000 000 |           |           | 1 000 000 |
| KORO                                     |           | 300 000   | 300 000   | 600 000   |
| Norsk kulturråd o.a.                     | 250 000   | 100 000   | 100 000   | 450 000   |
| Næringsliv, fond, legat, stiftelser o.a. |           | 400 000   | 200 000   | 600 000   |
| Spillemidlar idrett og anlegg            |           | 650 000   | 650 000   | 1 300 000 |
| Telemark fylkeskommune                   | 1 000 000 | 1 000 000 | 500 000   | 2 500 000 |
| Telemark fylkeskommune diverse           |           | 500 000   | 500 000   | 1 000 000 |

**SUM 15 100 000****Geografi**

111-Hvaler, 821-Bø

**Vedlegg**

|   |         |            |
|---|---------|------------|
| Bøker i Bø - plan for delprosjekt.doc           | 97 792  | 04.03.2012 |
| Prosjektplan_Bulyst_hovudprosjekt_2012-2014.doc | 720 896 | 04.03.2012 |